

Nordhordland ein kommune 2020?

Innan juni skal kommunestyra i Nordhordland ta stilling til om ein ønskjer å fortsetja som eigen kommune eller vera med å byggja ein ny kommune i Nordhordland. Intensjonsavtalen er no ute på høyring, og vi som politikarar ønskjer at du engasjerer deg og gjer oss tilbakemelding om kva du meiner.

Kva inneheld framtida for oss i Nordhordland?

Vi veit ikkje kva framtida inneheld, men det har vore ei rivande utvikling i Nordhordland på berre nokre tiår. Reisetida er redusert og vi har ein felles bustad og arbeidsregion. Kommunane samarbeider på mange område for å kunne gje innbyggjarane best mogeleg tenester.

- Krava til dei kommunale tenestene aukar
- Behov for betre og breiare kompetansmiljø.
- Kommuneøkonomien vert av ein del kommunar oppfatta som krevjande. Eit nytt inntektssystem er på høyring. Med nokre unntak ser det ut til at kommunane i Nordhordland vil koma dårlegare ut økonomisk ved å stå aleine, men at reduksjon vert mindre dersom dei slår seg saman.
- Næringslivet i regionen synest å stå framfor store endringar og stor usikkerheit.

Kvifor Nordhordland ein kommune 2020

Med dei store endringane som har vore og som vil koma dei neste tiåra var det naturleg å sjå på kommunestrukturen i Nordhordland. Stortinget sitt vedtak om kommunereform gav ytterlegare fart i dette arbeidet. Dei viktigaste argumenta for ein kommune i Nordhordland er:

- Heilskapleg og betre koordinert samfunnsutvikling
- Større påverknadskraft overfor sentrale og regionale myndigheiter
- Sterkare fagmiljø

Intensjonsavtalen

Visjonen er at: "Nordhordland kommune skal vera ein slagkraftig og heilskapleg samfunnsutviklar med sterk utvikling og vekst."

Den nye kommunen:

- Ha likeverdige tenester i heile kommunen
- Vidareføre lokal tenesteproduksjon der brukarane bur
- Prinsivået på kommunale tenester, gebyr og eigedomsskatt skal vera likt i heile kommunen og eigedomsskatten på hus og hytter vert fjerna
- Kommunestyret vil ha 43 representantar



Foto: Eivind Senneset/NUI

Korleis blir eg høyrd?

Det er eit sterkt ønske frå alle at innbyggjarane skal involverast og inkluderast i prosessen.

Vi oppmodar derfor alle til å engasjera seg i det offentlege ordsnittet. Det er arrangert folkemøte i alle kommunane, men du kan framleis seia di meining. Ta gjerne direkte kontakt med representantane i kommunestyret i din heimkommune.

Folkeavrøysting eller opinionsundersøking

Kommunane har valt ulikt om dei vil ha ei rådgjevande folkeavrøysting eller ei opinionsundersøking. I begge alternativa ønskjer ein å få kartlagt om innbyggjarane er positive eller negative til å byggja ein ny kommune. Alle som fyller 16 år i 2016 eller er eldre kan delta.

Opinionsundersøkinga er frå slutten av april til midten av mai. Blir du kontakta så må du svara – dette er din anledning til å seia di meining.

Folkeavrøystinga er måndag 23. mai. Møt opp - det er no du kan påverka.

Sjå heimesida til kommunen om meir informasjon om vallokale og høve til førehandsrøysting.

Rådgjevande folkeavrøysting – 23. mai	Opinionsundersøking - frå slutten av april - midten av mai
Austrheim Gulen Masfjorden Meland Modalen	Fedje Lindås Radøy

Kven avgjer dette?

Det er kommunestyret som gjer endeleg vedtak om kommunen skal vera med å byggja ein ny og større kommune i Nordhordland. Den avgjerda vil skje 22. juni.

Meir informasjon

På heimesida til kommunane og www.regionnordhordland.no, finn du intensjonsavtalen, utgreingar og kontakt informasjon.



Ordførar
i Austrheim
Per Lerøy



Ordførar
i Fedje
Stian Herøy



Ordførar
i Gulen
Hallvard Oppedal



Ordførar
i Lindås
Astrid Aarhus
Byrknes



Ordførar
i Masfjorden
Karstein Totland



Ordførar
i Meland
Øyvind
Oddekav



Ordførar
i Modalen
Tom Kristian
Thorsen



Ordførar
i Radøy
Jon Askeland